



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
15.12.2017	148564/2017	Birgit Aarønæs

Saksnr	Utval	Møtedato
	Fylkesutvalet	29.01.2018

Søknad om sekretariat for Nordsjøkommisjonen- førespurnad om støtte

Bakgrunn

Møre og Romsdal fylkeskommune har motteke førespurnad frå sekretariatet i Vestlandsrådet om å være med i finansieringa av sekretariatsfunksjonen i Nordsjøkommisjonen.

Vestlandsrådet vedtok på sitt møte 25. oktober 2017 at fylkeskommunane på Vestlandet skal melde si interesse for å ta på seg sekretariatsfunksjonen for Nordsjøkommisjonen, anten ved at eitt av fylka eller Vestlandsrådet i fellesskap søker om dette innan fristen 20. desember 2017. Vestlandsrådet har sett det som ein føresetnad at alle dei 11 norske medlemsfylka deltek i eit spleiseland for å finansiere sekretariatet. Sekretariatet i Vestlandsrådet fekk i oppdrag å klargjere denne føresetnaden, og har sendt ein førespurnad til dei norske fylkeskommunane om å delta i finansieringa av eit sekretariat, sjå vedlegg.

Det er ikkje bindande å melde si interesse for sekretariatsfunksjonen. Styremøtet i Nordsjøkommisjonen skal i midten av mars 2018 fatte vedtak om kva region dei ønsker skal ta på seg sekretariatsansvaret frå 1. juni 2018. Interesserte regionar må derfor i god tid før dette vere villige til å forplikte seg til denne oppgåva.

I tillegg til Vestlandsrådet har Västra Götaland, som i dag har presidentvervet og sekretariatsfunksjonen, meldt si interesse for å vere vrtskap for sekretariatet.

Vestlandsrådet har bedt om at det til deira møte 15 februar blir lagt fram ei eiga sak som synleggjer ein eventuell søknad samt ei mogleg organisering for eit slikt sekretariat.

Om Nordsjøkommisjonen

Nordsjøkommisjonen er ein av seks geografiske underkommisjonar under CPMR-organisasjonen for kystregionane i Europa, og skal fremme partnarskap mellom regionane rundt Nordsjøen. Organisasjonen er politisk leia og har 31 medlemmar som representerer åtte land rundt Nordsjøen. Nordsjøkommisjonen bidreg med innspel til politikkutforminga i EU gjennom blant anna politiske møte og høyringsuttaler. Det operative arbeidet i Nordsjøkommisjonen skjer i dei tematiske arbeidsgruppene for klima og energi, marine ressursar, smarte regionar og transport. Møre og Romsdal fylkeskommune deltek med politiske valde representantar og representantar frå administrativt nivå til arbeidsgruppene for transport og marine ressursar, jf. fylkestingsvedtak T-33/12.

Nærare om sekretariatsfunksjonen

Sekretariatet i Nordsjøkommisjonen skal sikre drift av organisasjonen, støtte opp om presidentskapet sitt virke, vere ein pådrivar for oppfylling av Nordsjøstrategien og halde kontinuerleg kontakt med medlemsregionar, organisasjonar og EU-institusjonar.

Ny modell for sekretariatet

På generalforsamlinga i Göttingen i juni 2017 vedtok Nordsjøkommisjonen at sekretariatsfunksjonen ikkje lenger automatisk skal følgje presidentvervet, men at funksjonen skal lysast ut for ein periode på fire år. Denne løysinga skal medverke til at kandidatar kan stille til val til presidentvervet uavhengige av økonomien i eigen region, og slik motverke at det blir eit demokratisk underskot i organisasjonen. Minimumskravet er at vertsregionen stiller to årsverk til disposisjon for Nordsjøkommisjonen. Det er føresett at det eine årsverket blir plassert i Brussel, i nær kontakt med CPMR sitt sekretariat og EU-institusjonane. Det nye sekretariatet skal vere operativt frå 1. juni 2018 og fram til 31.12.2021 (dvs. tre og eit halvt år for å komme i takt med årsskiftet).

Kostnader og finansiering

Vestlandsrådet sitt sekretariat har berekna at den årlege kostnaden for sekretariatsfunksjonen for Nordsjøkommisjonen vil ligge på rundt 2 156 000 kroner. Nordsjøkommisjonen bidreg gjennom medlemskontingenten til å dekkje rundt 450 000 kroner. Dei resterande 1 706 000 kronene må dekkjast av vertskapet for sekretariatet.

Sekretariat i Vestlandsrådet har i sin førespurnad foreslått ein finansieringsmodell der dette beløpet blir delt likt mellom dei 11 noverande medlemsfylka i Nordsjøkommisjonen, dvs. ein årleg sum på rundt 156 000 per medlemsfylke. Sekretariatet føreset at modellen skal gjelde også etter samanslåingar av fylke i samband med regionreforma.

Beløpet sekretariatet foreslår er for Møre og Romsdal sin del omlag 20 000 kroner høgare enn den årlege medlemskontingenten til CPMR og Nordsjøkommisjonen, som ligg på 135 000 kroner (2017). Medlemskontingenten skal også dekke utgifter til sekretariatet sine tenester. Summen er også vesentleg høgare enn det dei norske medlemsfylka har bidrege med i tidlegare tilfelle der ein fylkeskommune har vore sekretariatet for Nordsjøkommisjonen (Telemark og Hordaland). Her har dei norske medlemsfylka bidrege med rundt 50 000 kroner årleg, medan vertsbygda har tatt hovuddelen av kostnadane.

Svar frå andre fylkeskommunar på førespurnaden frå Vestlandsrådet

Så langt har Vestfold og Agderfylka gitt svar på førespurnaden:

Agderfylka gir følgjande svar: «Etter behandling av Vestlandsrådets henvendelse i Agders internasjonale styringsgruppe, finner Aust-Agder og Vest-Agder fylkeskommune det mest hensiktsmessig å videreføre Nordsjøkommisjonens sekretariat i Västra Götalandsregionen slik de har uttrykt interesse for. Med tanke på at Nordsjøkommisjonens sekretariat har skiftet mellom ulike regioner de siste årene mener vi at hensynet til kontinuitet og opprettholdelse av kompetanse taler for en slik løsning. Vi legger i denne forbindelse også vekt på at norske medlemsfylker har ivaretatt sekretariatet i periodene 2004 – 2012 (Telemark) og 2014 – 2016 (Hordaland), og at det således har en egenverdi at denne funksjonen ivaretas av andre land. Norske medlemsfylker har således allerede bidratt med betydelige tilskudd (kr. 50 000,- per år) til driften av "norske" sekretariater.»

Vestfold skriv: «Vestfold fylkeskommune takker for initiativet, men ønsker ikke å forplikte oss til prinsippene det legges opp til. Et permanent sekretariat på Vestlandet vil ikke dekke alle behov eller ha same nytteverdi for alle norske medlemsregioner, hvilket bør vurderes og være avspeilt i ønsket om en lik fordeling av kostnadene. Det savnes en modell som beskriver nytteverdien for andre fylker utover Vestlandsrådet som vertsfylker, og gjerne med en differensiering av bidrag ut fra innbyggertall. Det er heller ikke avklart hvorvidt andre ikke-norske medlemsregioner kan være interessert i videreføre dagens modell og kostnadsnivå. Vestfold fylkeskommune vil som tidligere kunne støtte en sekretariatsfunksjon i et av de norske medlemsfylkene med et årlig beløp på ca 50-60 000 kroner. Etter 2020 vil det nye Vestfold og Telemark fylke på nytt ta stilling til internasjonale aktiviteter, inkludert bidrag til sekretariatet i Nordsjøkommisjonen.»

Vurdering

Den geopolitiske situasjonen i Nordsjøregionen vil endrast mykje som følgje av Brexit. Etter Brexit må det på plass nye avtalar, både mellom EU og Storbritannia og mellom Norge og Storbritannia, det må etablerast nye samarbeidsorgan for forvaltning av Nordsjøen, når det til dømes gjeld overordna forvaltning, fiskeri, olje- og gassutvinning, skipsfart, flyruter, maritim tryggleik, forureiningsproblematikk, vindkraft og anna marin energiproduksjon. EU-lovgjevinga vil få relativt mindre å seie for samarbeidet rundt Nordsjøen etter Brexit, der også ein revidert EØS-avtale og dei avtalane som Storbritannia vil måtte inngå både med EU og Noreg, vil påverke bl.a. norske fylkeskommunar og kommunar. Det kan derfor vere viktig at Nordsjøkommisjonen sitt sekretariat er vel så mykje involvert i EØS-saker og saker som relaterer seg til Storbritannia sine nye avtaler med EU og EØS-landa, som i EU-saker. Dette kan tale for at sekretariatet blir lagt til ein norske medlemsregion.

Vestlandsrådet sitt vedtak opnar for at Vestlandsrådet søker om å vere vertskap for sekretariatet i Nordsjøkommisjonen, anten ved at eitt av fylka eller Vestlandsrådet i fellesskap søker om dette.

Ifølgje Møre og Romsdal fylkeskommune sin internasjonale strategi for 2017-2020, vedteke på fylkestinget i desember 2016, deltek fylkeskommunen i Nordsjøkommisjonen og CPMR for å skaffe seg informasjon om viktige prosessar innanfor EU og for å gi innspel på politikkutvikling i viktige saker for vår region. Nordsjøkommisjonen og arbeidsgruppene er også ein viktig nettverksarena for kunnskap om prosjektmoglegheiter og utvikling av nye EU-finansierte samarbeidsprosjekt. Fylkeskommunen deltek i tråd med desse føringane, og har god nytte av medlemskapet i Nordsjøkommisjonen. Eit engasjement ut over dette, som vil bli forventa av vertskapet for sekretariatsfunksjonen, vil krevje større ressursar enn det som vil bli dekt økonomisk gjennom medfinansiering frå andre. Eit større engasjement vil heller ikkje vere i tråd med fylkeskommunen sin internasjonale strategi, som legg større vekt på arbeidet for samarbeid og EU-finansierte prosjekt med regionar og aktørar i EU.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at sekretariatsfunksjonen for Nordsjøkommisjonen ikkje hører til oppgåvane som er tiltenkt Vestlandsrådet i fellesskap.

Fylkeskommunen vil vere positiv dersom eitt av dei andre vestlandsfylka ønskjer å söke om sekretariatsfunksjonen i Nordsjøkommisjonen.

Sekretariatet i Vestlandsrådet har foreslått ein finansieringsmodell med årlege bidrag frå alle dei norske medlemsfylka på rundt 156 000 kroner. Dette beløpet er høgt tatt i betrakting at fylket allereie betaler cirka 135 000 kroner for medlemskapet i CPMR og Nordsjøkommisjonen. Aust-Agder og Vest-Agder fylkeskommune si støtte til ei vidareføring av Nordsjøkommisjonen sitt sekretariat i Västra Götaland, inneber også at Vestlandsrådet sin føresetnad om at alle dei 11 norske medlemsfylka skal medverke i eit spleislag på finansieringssida ikkje er tilstades. Det vil etter fylkeskommunen si meining vere naturleg at fylket som eventuelt er interessert i å vere vertskap for sekretariatet tek hovuddelen av kostnadane, med bidrag frå dei andre medlemsfylka. Dette bidraget bør ligge om lag på størrelse med tidlegare bidrag til andre vertskapsfylke, dvs. cirka 50 000 kroner.

Forslag til vedtak:

- 1 Møre og Romsdal fylkeskommune vil ikkje melde interesse for å vere vertskap for sekretariatsfunksjonen i Nordsjøkommisjonen.
- 2 Møre og Romsdal fylkeskommune vil vere positiv dersom eitt av dei andre fylka på Vestlandet søker sekretariatsfunksjonen.
- 3 Møre og Romsdal fylkeskommune er positivt innstilt til å bidra til finansieringa av eit sekretariat i eitt av fylka på Vestlandet frå 1. juni 2018 til 31.12.2021, med eit årleg beløp på omlag 50 000 kroner, som ved tidlegare bidrag til andre vertskapsfylke.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Bergljot Landstad
regional- og næringssjef

Vedlegg

- 1 Sekretariatsfunksjonen i Nordsjøkommisjonen – førespurnad om støtte (17.11.2017)